
Vår referanse 2020/36559-1
Dato 04.02.2020

RIKSANTIKVAREN
Postboks 1483 Vika
0116 OSLO

Kystpilegrimsleia over i ein ny fase. Sluttrapportering

Kystpilegrimsleia har vore drive som utviklingsprosjekt frå 2014 av fylkeskommunane Trøndelag, Møre og Romsdal, Vestland (Sogn og Fjordane og Hordaland) og Rogaland, og bispedømme Stavanger, Bjørgvin, Møre og Nidaros. Som nasjonal pilegrimslei ligg heile strekninga frå Sokndal i sør til Nidaros i nord inn under Nasjonalt Pilegrimssenter i Trondheim.

For å sikre overgangen frå ein utviklingsfase til ein driftsfase, gjekk Riksantikvaren inn med nye midlar i 2019. I tilsegnsbrevet datert 27.04. 2018, heiter det mellom anna:

Riksantikvaren har med denne tildelinga brukt over 2,5 millionar kroner på Kystpilegrimsleia. Vi er opptatt av at arbeidet blir ført vidare inn i ein fast organisasjon etter at heile leia blir endeleg opna på Selja den 8. juli 2018. Tilskotet skal saman med tilskota frå fylkeskommunane gå til løn og til naudsynt reiseverksemd for prosjektleiar i minimum eit år frå august 2018.

Kystpilegrimsleia over i ein ny fase

Hovudmålet i oppfølgingsprosjektet har vore:

Å finne fram til ein permanent organisering av Kystpilegrimsleia som kan ta over etter prosjektslutt etter ein inter-regional samarbeidsmodell med mål om å kunne stå som mottakar av statstilskott til pilegrimsarbeidet. Arbeidet må vere tett kopla med det statlege arbeidet med ein ny strategi for pilegrimssatsinga iverksett av Kulturdepartement og med forventa avslutting i 2019.

Prosjektet har vore finansiert av Riksantikvaren med kr 500.000 saman med kr 100.000 frå kvar av dei 5 fylkeskommunane, totalt kr 1 mill.

Prosjektet har vore leia som innkjøpt teneste frå Nasjonalt Pilegrimssenter i Trondheim.

Ny langtidsplan for pilegrimssatsinga i Noreg (2019-2037)

Kulturdepartementet bad Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider (som Nasjonalt Pilegrimssenter høyrer inn under) å gjennomføre ei høyringsrunde for den nasjonale pilegrimssatsinga i 2019. Sentralt i høyringa stod etablering og fortsett drift av Regionale Pilegrimssenter (RPS). Høyringa la til grunn ein kostnad på kr 2 mill. pr. RPS, basert på 60% statleg tilskott, 20% regionalt tilskott og 20% kommunalt.

Regional satsing

Både ny langtidsplan for pilegrimssatsinga og regionale pilegrimssenter, er no politisk forankra i alle fylkeskommunane.

Arbeidet har vore konsentrert om skipinga av regionale pilegrimssenter.

Den regionale og kommunale satsinga er stor:

Avaldsnes Rogaland fylkeskommune 400.000/år, Kommunale bidrag 400.000/år	800.000	Ønskja statleg bidrag: 1.200.000
Selje og Bergen Vestland fylkeskommune, 2 regionale pilegrimssenter 800.000/år i regionale bidrag, kommunale bidrag 800.000/år	1.600.000	2.400.000
Smøla Møre og Romsdal og Trøndelag fylkeskommune 400.000/år, Kommunale bidrag 400.000/år	800.000	1.200.000
SUM	3.200.000	4.800.000

Trøndelag fylkeskommune har valt ikkje å etablere eige regionalt pilegrimssenter, men har i staden valt å samarbeide med Møre og Romsdal fylkeskommune om regionalt pilegrimssenter på Smøla.

Utfordringa: Statsbudsjettet

Innlemminga av Kystpilegrimsleia i det nasjonale pilegrimsnett, inneber at talet på regionale pilegrimssenter i Noreg vil auke frå 6 til 10 totalt.

Auke i talet på regionale pilegrimssenter frå totalt 6 til totalt 10, har ikkje kome med i statsbudsjettet for 2020.

Alle fylka er innstilt på å drive prøvedrift med regional og kommunal finansiering i 2020, i påvente av at statsmidlane kjem på plass frå 2021.

Vi legg ved sluttrapport frå Nasjonalt Pilegrimssenter.

Med helsing

David Aasen Sandved
Seksjonsleiar

Eva Moberg
Fagleiar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Mottakarliste
RIKSANTIKVARE Postboks 1483 Vika 0116 OSLO
N